

# ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2019

## ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

### Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)  
Randi Helland (nestleiar)  
Peder Aasheim

### Varamedlemer:

Liv Kari Søyland  
Arne Runnane

### Politiske medlemmer frå Kommunestyret:

Nils Tore Økland (AP)            Sverre Olav Svarstad (H)  
Reidar Brevik (KrF)            Reidun Stavland (H)

Sekretær: Renate Waage

Møtestad: Formannskapssalen

\*\*\* \*\*

I 2019 vart det halde 10 møte, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Dette var fordelt på 11 politiske saker, 36 referatsaker og 10 orienteringar.

## 1. POLITISKE SAKER

Nokre saker vert referert spesielt:

Årsbudsjett 2020, Økonomiplan 2020-2023 - her uttalte Eldrerådet følgjande:

*”Stord eldreråd støttar satsinga på førebyggjande arbeid gjennom velferdsteknologi, Godt å bu heime, førebyggjande heimebesøk, frisklivssentralen, Hamna kontaktsenter og heime-rehabilitering.*

*Eldrerådet vil likevel peika på at dagtilbodet for demente også er førebyggjande arbeid, særleg med tanke på dei pårørande og difor ikkje bør reduserast.*

*Når det gjeld nedskjeringane i RHO området, meiner eldrerådet at rådmannen sitt framlegg ikkje tek omsyn til det reelle behovet i Stord kommune. Eldrerådet vil difor sterkt understreka behovet for å ta i bruk fem nye plassar på den nye sjukeheimen frå 2020.*

*Vidare vil eldrerådet understreka at å avvikla døgnplassane på Rehabiliteringssenteret vil skapa store utfordringar.*

*Eldrerådet er svært bekymra dersom bemanninga på sjukeheimen og Knutsaåsen vert redusert, ut frå dei erfaringane me har med stadig aukande behov for pleie og omsorg for pasientar og bebuarar på desse institusjonane.*

*Eldrerådet er også bekymra for sakshandsaminga når bemanninga ved tildelingskontoret vert redusert.*

*Ut frå den økonomiske situasjonen Stord kommune er i, meiner eldrerådet at det må vurderast seriøst på politisk hald om Stord kommune bør søkja om å delta i forsøket statleg finansiert omsorgsteneste frå og med 2021.*

*Eldrerådet vil også minna om at det er sett av kr. 200.000,- på investeringsbudsjettet i 2020 til å planleggja framtidig utbygging av framtidsretta omsorgsplassar.”*

### Orientering om betalingsreglar for langtidsopphald på sjukeheim

*"Eldrerådet foreslår at Stord kommune utarbeidar eit enkelt informasjonsark som inneheld opplysningar om kva teneste og ytingar ein mottak når ein får plass på sjukeheim. Og kva betalingsreglar som gjeld. Informasjonsarket bør utdelast til potensielle søkjarar på sjukeheimplass."*

### Ny plan for legetenesta i Stord kommune

*"Dei grunnleggjande problema som eldrerådet ser er:*

- *Om legetenestene er tilgjengelege når brukarane har behov for det*
- *Om legetenestene er tilgjengelege utanom kontortid*
- *Om dei er tilgjengelege i pasienten sin heim*
- *Om det er kort veg til legetenesta*
- *Om det er kort ventetid for å få time i kontortid*
- *Om det finst vikar når legen er sjuk*
- *Om det er lett å byta fastlege*

*Ein plan for legetenestene må drøfta desse problemstillingane. Nokre av desse problemstillingane kan vera særleg aktuelle for eldre og/eller barnefamiljar.*

*Eldrerådet ønskjer at kommunelegen er med på eit møte, slik at dei kan koma med innspel til planen medan arbeidsprosessen pågår."*

### Høyring av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

*"Eldrerådet sender følgjande uttale til planprogrammet:*

*Eldrerådet ber om at dei som har ansvar for temaområda, bør via media leggja fram dilemma og kontroversielle punkt ikkje berre for det politiske miljø men også for publikum i planprosessen. Siktemålet må vera å skapa engasjement og debatt i god tid før vedtak skal gjerast.*

*Eldrerådet meiner også at ein i kommuneplanarbeidet må ha evt. framtidige endringar i kommunestrukturen i Sunnhordland med i drøftinga av ny kommuneplan for Stord."*

### Høyring om planprogram for kommunedelplan for kulturminne

*"Eldrerådet tek planprogrammet til orientering.*

*I tillegg ber eldrerådet om at dei økonomiske konsekvensar ein slik plan kan få for den enkelte, må også utgreiast."*

### Uttale til folkehelseoversikt

*"Eldrerådet ønskjer følgjande punkt:*

- *Lett og rask tilgang til helseteneste når ein har behov*
- *Planlegging og bygging av sjukeheimplassar*
- *Felles samlingsstad for heimebuande eldre*

### Revisjon av bibliotekplan for Stord Folkebibliotek

*Eldrerådet set pris på at biblioteket har utvikla seg som kulturtilbod for innbyggjarane i Stord gjennom foredragsverksemd og nye publikumsretta tilbod i dei seinare år."*

### Høve til å setja inn/veksla kontantar i dei lokale bankane

*"Eldrerådet har registrert at det er misnøye blant publikum med korleis bankane handsamar kundane sine når det gjeld innskot og uttak av kontantar, og at bankane gjev mangelfull informasjon til kundane i slike saker.*

*Eldrerådet oppfordrar bankane på Stord til å leggja til rette for mottak og uttak av kontantar, og på denne måten oppfylle §16-4 i Lov om finansforetak og finanskonsern.*

*Eldrerådet vil særleg peika på behovet som kundane har for å ta ut setlar av ulik verdi i minibanken."*

### Høyring Lov om eldreombod

«Eldrerådet støttar pkt. 2 og 3 i innstillinga, men tilrår å endra pkt. 1 slik:

*Me støttar føremålet med lova.*

*Rådmannen sitt framlegg til pkt. 1 vil innebera ei avgrensing i eldreombodet sitt arbeidsområde. Innvendingane som ligg i rådmannen sitt framlegg er ikkje relevante sidan det i pkt. 4 i lovframlegget er presisert at eldreombodet ikkje skal gå inn i einskildsaker eller behandla klager.»*

## 2. OVERSENDINGSFRAMLEGG

### Omsorgshotell

*"Leiar informerte om Karmøy kommune, som skal ha ei prøveordning med omsorgshotell med oppstart 1. april 2019. Omsorgshotellet har 4 rom, som kan bestillast for 1-14 døgn.*

*Målgruppa er heimebuande eldre som i utgangspunktet klarar seg sjølv, men der heimesituasjonen av ulike grunnar plutselig oppleves utrygg.*

*Eldrerådet viser til prøveordninga med omsorgshotell i Karmøy kommune, og ber rådmannen vurdere om ei slik ordning kan vera aktuell i Stord kommune. Til dømes i samband med utflyttinga frå den gamle sjukeheimen hausten 2019."*

### Krav om betre tannhelse for eldre

*"Eldrerådet sender oppmoding frå Fagforbundet om krav om betre tannhelse for eldre vidare til rådmannen, og ber han vurdere innføring av kommunal støtteordning i samanheng med budsjett 2020."*

### Spørjeundersøking eldre

*"Viser til ungdata-undersøking på Stord. Eldrerådet ber rådmann/ordførar om å ta initiativ til å laga ei tilsvarande undersøking for aldersgrupper over 65 år i kommunen."*

## 3. ORIENTERINGAR

- Betalingsreglar for langtidsopphald på sjukeheim v/Wigdis Laukhamer
- Ny plan for legetenesta v/kommunelege Lars Helge Sørheim
- DnB sine rutinar for innskot og uttak av kontantar v/banksjef Mareno Vevang
- Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel v/Andreas Moe Larsen
- Folkehelseoversikt v/Tove Vikanes Agdestein
- Kriteria for opphald ved a vdeling døgnrehabilitering v/Kristin Steinsland
- Godt å bu heime v/Astrid Larsen
- Eit aldersvennlig lokalsamfunn v/Marianne Ankervold
- Feilmedisinering på Stord sjukeheim v/Esther Aasen Bjelland
- Førebyggjande heimebesøk v/Anna Lise Sortland og Hildegunn Gram

## 4. TILSKIPINGAR

### Eldredagen 5.10. 2019

Eldrerådet hadde ansvar for den årlege Eldredagen i Stord Kulturhus. Den vart arrangert i samarbeid med Røde Kors pasientvener, Stordkoret og Kjell Vidar Monsvik.

Foredragshaldar var Inger Karin Larsen: "Ei reise i livet". Seniorprisen gjekk til Liv og Leiv Stokken for sin store omsorg og omtanke for menneska rundt seg. Kristian Lunde orienterte om Stord pensjonistforening.

## 5. PROSJEKTDELTAKING

- "Godt å bu heime" - Reidar Brevik
- Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland
- Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter – Tove Dypå Lunde
- Folkehelseforum "Leva heile livet" – aktivitetar og tilbod for eldre - Tove Dypå Lunde og Randi Helland
- Styringsgruppa i prosjektet Telerehabilitering i Stord kommune, eining for aktivitet og re/habilitering – Nils Tore Gram Økland
- Referansegruppa i høve Handlingsplan for vald og overgrep i Stord kommune – Tove Dypå Lunde

## 6. ANDRE REPRESENTASJONAR

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart arrangert i Kvinnherad – deltakarar var Randi Helland, Nils Tore Økland og Tove Dypå Lunde

Tove Dypå Lunde, Nils Tore Gram Økland og Randi Helland deltok på eldrekonferansen i Bergen i regi av Hordaland fylkeskommune

Stord, 10.12.2019

Tove Dypå Lunde  
leiar